

Innkalling

Utval: Sykkylven kontrollutval

Møtestad: Sykkylven rådhus

Dato: 05.02.2025

Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@skiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærmere beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

PS 02/25 Forenkle etterlevingskontroll 2024 - risikovurdering

PS 03/25 Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2024

PS 04/25 Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning

PS 05/25 Meldingar og skriv

MS 01/25 Melding om tilsyn - bruk av medisindispenser i Sykkylven kommune

MS 02/25 Om valbarheit i kontrollutvalet

MS 03/25 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 - vedtak kommunestyret

MS 04/25 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 - vedtak i kommunestyret

MS 05/25 Protokoll frå Attvin

Ålesund, 27.01.2025

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 01/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Syklyven kontrollutval - 27.11.2024



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 02/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Forenkla etterlevingskontroll 2024 - risikovurdering Syklyven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor si risikovurdering til vitande

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltinga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innan 30. juni skal revisor gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Revisor nytta standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarer ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltinga som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen.

For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet. Det er ein del av kontrollutvalet si påsjåar-rolle.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll, med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor identifiserer område i økonomiforvaltinga der det er størst behov for at føresegner og vedtak blir følgde, avhengig av kva konsekvensar manglande etterleving kan få.

Revisor vil i møtet 05.02.2025 presentere si risiko- og vesentlegvurdering. Denne gir grunnlag for dialog mellom revisor og kontrollutval om kva revisor vil og bør følgje opp. Kontrollutvalet kan gje innspel til vurderinga, men det er revisor som vel ut området for den forenkla etterlevingskontrollen.

I revisor si risiko- og vesentlegvurdering er det tatt med ei oversikt over kva områder det har vore forenkla etterlevingskontroll på dei siste åra. Det ligg og ei oversikt over andre attestasjonoppgåver og nummererte brev.
Revisor melder om at det pt. ikkje er uavklarte forhold knytt til det som er meldt kontrollutvalet gjennom nummererte brev.

Vedlegg

Forenkla etterlevingskontroll 2024 - revisor si risikovurdering



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 03/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2024 Syklyven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2024 til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar for å revidere årsrekneskap og årsmelding til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen, vil oppgåvane til revisor omfatte ei rekke attestasjoner, som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.

Interimrevisjon er den delen av årsrevisjonen som blir gjennomført for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.



Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 05.02.2025 vil oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen, gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimsrevisjonen 2024.

Revisor si oppsummering kan gje kontrollutvalet informasjon om revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt.

Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen, så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad, at dei fører til eventuelle endringar for revisjonsplanen av årsrekneskapen 2024.

Vedlegg

Rapport etter interimrevisjon 2024



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 04/25 | Sykylven kontrollutval | 05.02.2025 |

Bestilling av forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning Sykylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Sykylven kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning i Sykylven kommune.

Bestillinga går til Møre og Romsdal revisjon SA, og vi ber om at dei legg fram ein prosjektplan til neste møte i kontrollutvalet.

Prosjektplanen skal innehalde:

- bakgrunn og føremål
- problemstillingar
- revisjonskriterie og metode
- tidsplan
- forventa ressursbruk

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Det er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Sykylven kommunestyre har vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon for 2024-2027, med følgande prioriterte fokusområde:

1. Personalressursforvaltning

2. Barnevern
3. Økonomistyring

Vurdering:

Kontrollutvalet må drøfte om det er ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll dei vil gjennomføre i 2025. I Sykkylven kontrollutval si vedtekne budsjetttramme er det sett av ressursar til enten ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll dette året.

I Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 er det lagt som føresetnad at eigarskapsmeldinga skal vedtakast før ei slik kontrollhandling. Derfor tilrår sekretariatet at eigarskapskontroll ikkje vert prioritert no, men at kontrollutvalet heller set i bestilling ein forvaltningsrevisjon.

Ut frå Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 er det personalressursforvaltning som er området som er prioritert først. Kontrollutvalet har fått mynde til å endre denne prioriteringa, på bakgrunn av endra risiko eller ny vurdering av kva som er vesentleg. Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 er nyleg vedteken, og det er vel lite som taler for at den vurderinga av risiko- og vesentlegheit som vart lagt til grunn for prioriteringane i planen, er endra allereie no. Sekretariatet vil derfor råde kontrollutvalet til å bestille ut frå prioriteringa i planen.

Grunnlaget for val av området personalressursforvaltning finn vi omtalt på sidene 39-43 i risiko- og vesentlegheitsrapporten. Det revisjonen peikar på som risikofaktorar, er mangel på kvalifisert arbeidskraft og høgt sjukefråvær. Og då i størst grad i sektorane oppvekst, helse- og omsorg og andre sektorar der det er behov for spesialkompetanse.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon innan personalressursforvaltning kan vere:

- Nærvær/fråværarbeid
- Ressursar og kompetanse
- Omstilling og lovpålagte tenester
- Heiltid/deltid


Kontrollutvalet bør drøfte og prioritere/velge ut kva vinkling utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha, og gjere nokre avgrensingar. Utvalet bør ha i tankane kva ein tenkjer vil ha størst verdi for kommunestyret og for kommunen sitt forbettingsarbeid.

No i bestillerfasa er det ganske ope, og kontrollutvalet kan legge premissane og retninga for sjølve forvaltningsrevisjonen. Det vil vere særslig nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet kjem med innspel og kan gjere bestillinga tydeleg.

Etter kontrollutvalet si behandling i møtet, bestiller kontrollutvalsekretariatet ei skisse til prosjektplan hjå Møre og Romsdal revisjon SA. Prosjektplanen bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk.

Prosjektplanen vil bli lagt fram til drøfting i kontrollutvalet på neste møte 12. mars, slik at kontrollutval og forvaltningsrevisor kan verte einige om problemstillingane og premissane før sjølve forvaltningsrevisjonen tek til.

Her er ei skjematiske oversikt over heile prosessen:



Vedlegg

Vedteken Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Sykkylven kommune.pdf
 Rapport frå risiko- og vesentlegvurdering 2024 Sykkylven kommune.pdf

Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 05/25 | Sykylven kontrollutval | 05.02.2025 |

Meldingar og skriv

Underliggende saker

- | | |
|-------|--|
| 01/25 | Melding om tilsyn - bruk av medisindispenser i Sykylven kommune |
| 02/25 | Om valbarheit i kontrollutvalet |
| 03/25 | Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 - vedtak kommunestyret |
| 04/25 | Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 - vedtak i kommunestyret |
| 05/25 | Protokoll frå Attvin |



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 01/25 | Sykylven kontrollutval | 05.02.2025 |

Melding om tilsyn - bruk av medisindispenser i Sykylven kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Det vert gjennomført statleg tilsyn med kommunane på ei rekke ulike områder. Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har det til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere orienterte om kva arbeid som er gjort knytt til statleg tilsyn, slik at utvalet kan bruke informasjonen inn i eige arbeid. Der kan vere synergier og kompetanseoverføring frå eit tilsyn, som kontrollutvalet kan nytte når utvalet seinare skal bestille kontrollhandlingar.

I den vedlagte rapporten står det at kommunen skal legge ein plan for kvalitetsforbetringsarbeid på området innan 17.01.2025, og sende ein samanfatning frå internrevisjon på området innan 30.04.2025. Dette er det Statsforvaltaren som følgjer opp.

Kontrollutvalet kan vurdere om ein ynskjer å be om ei orientering frå kommunedirektøren, til møtet i mai 2025. Då skal dette tilsynet vere svara ut til Statsforvaltaren og avslutta.

Vedlegg

Tilsynsrapport frå Helsetilsynet 2024 - bruk av medisindispenser i Sykylven kommune



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 02/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Om valbarheit i kontrollutvalet

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Vedlagt er Kommunal- og distriktsdepartementet sine svar på nokre spørsmål om reglane for kven som er valbare til kontrollutval.

Departementet seier at avlastar og støttekontakt er å rekne som tilsette. Og dei seier noko om vurdering av om ein er å rekne som oppdragstakar eller tilsett. Det må vurderast ut frå fleire forhold sett i lys av forarbeida og rettspraksis. Det er ikkje avgjerande om avtalen vert kalla oppdragsavtale.

Så er der nokre avklaringar knytt til valbarheit for personar som har verv i statlege organ, samvirkeføretak, interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap.

Minner om at det er kommunestyret som vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet, og som må gjere sine vurderingar opp mot reglane for valbarheit.

Vedlegg

Om valgbarheitsreglane for kontrollutval



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 03/25 | Sykylven kontrollutval | 05.02.2025 |

Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 - vedtak kommunestyret

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sykylven kommunestyre vedtok i desembermøtet 2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2027, i tråd med kontrollutvalet si tilråding.

Vedlegg

Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 - vedtak kommunestyret



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 04/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 - vedtak i kommunestyret

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Plan for forvaltningsrevisjon skal vedtakast av kommunestyret etter tilråding frå kontrollutvalet. Sakspapira og tilrådinga frå kontrollutvalet vart sendt til kommunestyret 25.09.2024.

Syklyven kommunestyre vedtok planen i tråd med kontrollutvalet si tilråding, i sitt møte 16.12.2024.

Vedlegg

Plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 - vedtak kommunestyret



Saksframlegg

| | | |
|----------|------------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 05/25 | Syklyven kontrollutval | 05.02.2025 |

Protokoll frå Attvin

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Protokoll frå generalforsamling 26.11.2024 er lagt ved slik at kontrollutvalet kan vere kjent med dei.

Dette er eit ledd i kontrollutvalet sitt ansvar for kontroll med eigarstyring og selskap.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling i Attvin 26.11.2024

Instruks for valkomiteen i Attvin AS

Orientering om arbeidet i Attvin - 26.11.2024